



Nettstadar:

- Suldal kommune
- Omega Areal AS

01.07.2021  
Vår ref.: B57931

## Kunngjering av planarbeid på nett

Ber om at følgjande kunngjering med vedlegg vert lagt ut på nettstaden dykkar.

Ta gjerne kontakt ved spørsmål.

Venleg helsing,

Venleg helsing,

**Eileen P. Selland**  
Master arealplanlegger

eileen@omega.nod  
975 40 000  
Omega Areal AS



## Varsel om oppstart av detaljregulering for Sand vassverk, Hønesteg Suldal kommune

I samsvar med § 12-8 i Plan- og bygningslova vil me med dette informere om at Omega Areal AS på vegne av Suldal kommune skal utarbeide forslag til reguleringsplan for Sand Vassverk, Hønesteg i Suldal kommune. Planområdet går fram av vedlagte kart.

Området er i gjeldande kommuneplan 2015-2024 avsett til føremål for LNF- areal og framtidig næringsverksemd, med omsynssone for nedslagsfelt drikkevatt, H110\_4. Varsla planområde er noko større enn avsett omsynssone i KPA, men ligg i tråd med tilsigsområde kartlagt i forprosjekt.

Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for ny hovudvasskjelde for drikkevatt på Sand. Dagens vassverk ved Larvika vil etter utbygginga liggje som reservevasskjelde. To eksisterande vassbrønner ved Hønesteg skal nyttast, og det skal gjennom detaljplan sikrast bygging av nytt vasshandsamingsanlegg med tilhøyrande anlegg og infrastruktur for vidarekopling til leidningsnettet til Sand. Planen skal også sikre ei større sone for ytre påverknad/ ureining. Tilkomst til anlegget vil skje frå eksisterande veganlegg.

Tiltaket er av Suldal kommune vurdert til å ikkje utløyse krav til konsekvensutgreiing (KU) då planarbeidet er i tråd med avsett føremål i overordna plan.

For nærmare informasjon kan du kontakte Omega Areal AS på telefon 975 40 000.


Eventuelle merknadar/innspeil til oppstart av planarbeidet kan sendast til **Omega Areal AS, Kvassanesvegen 4, 5582 Ølensvåg** eller via e-post [areal@omega.no](mailto:areal@omega.no) innan 08.08.2021.

Etter meldingsfristens utløp vert sjølve planforslaget utarbeidd og sendt inn til kommunen. Etter 1. gangs handsaming vert planforslaget lagt ut til offentleg ettersyn. Det vil då vere høve til å komme med eventuelle merknadar, innspel og motsegn til planforslaget før endeleg handsaming av planen.


## OVERSIKTSKART




## UTSNITT FRÅ GJELDANDE KOMMUNEPLAN SIN AREALDEL 2015-2024



Kjelde kart: [kommunekart.com](http://kommunekart.com)



# Detaljregulering for Sand vassverk, Hønesteg Suldal kommune

Dato 01.07.2021	Konstr./tegnet EPS	Godkjent	Målestokk 1:5000 A4	
EUREF89 - SONE 32		NN 2000 høyder		
Varslingskart			Erstatning for:	Erstattet av:
			999	
Henvising:		Beregning:		